



# Nye kommunar i Møre og Romsdal

## INFOskriv nr. 1/2017/nye kommunar/FMMR

### Innhald

1. Nye kommunar i Møre og Romsdal
2. Inndelingslova
3. Felles kommunestyremøte
4. Fellesnemnd
5. Fullmakt til å gjere unntak frå kravet til felles kommunestyremøte
6. Kommunenamn
7. Kommunevåpen
8. Vidare plan og tiltak

### Vedlegg

Milepælsplan



## 1. Nye kommunar i Møre og Romsdal

I Møre og Romsdal er det no **6 nye kommuneeiningar som involverer heile 16 kommunar** med positive gjensidige vedtak om samanslåing. Fylkesmannen merkar seg at det er stor aktivitet, positivt engasjement og tru på dei nye kommunane som skal byggast. I samband med kommunesamanslåingar er Fylkesmannen gitt mynde til å rettleie og gi informasjon til kommunane, og i enkelte saker (eks. grensejusteringar) følger også sakshandsaming. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i dette høvet gitt Fylkesmannen i Møre og Romsdal ansvar for den fylkesovergripande samanslåinga mellom kommunane Volda og Hornindal. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag har fått ansvaret for samanslåinga mellom kommunane Halså, Hemne og 1/3 av Snillfjord kommune.

I løpet av første del av juni månad vil Stortinget gjere vedtak både om kommunesamanslåingar og regioninndelingar. Det er vist til at samanslåingane skal vere frivillig, med unntak av om det er enkeltkommunar som ligg i vegen for samfunnsutvikling i den nye kommunen. Stortingsfleirtalet har lagt til grunn at frivillighetsprinsippet derfor skal gjelde, men at det likevel vil kunne være "*... aktuelt i helt spesielle situasjoner der enkeltkommuner ikke må kunne stanse endringer som er hensiktsmessige ut fra regionale hensyn.*", jf. Innst. 300 S (2013-2014). Stortingsfleirtalet (Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg folkeparti) blei 21. feb. enige om at for 13 kommunar på landsbasis skulle ikkje frivillighetsprinsippet gjelde ut i frå ei heilskapleg vurdering av regionen dei høyrer til. I Møre og Romsdal gjeld dette for Haram kommune.


Siste status i Møre og Romsdal ser difor slik ut: (oppdatert status på våre [heimesider](#))

- **Kommunar med positive gjensidige vedtak** (13 kommunar i Møre og Romsdal - samt 3 kommunar i våre nabofylke som til saman utgjer 6 nye kommunar):
  - Volda og (Hornindal i Sogn og Fjordane) (namn ikkje bestemt)
  - Ålesund, Skodje, Sandøy og Ørskog (Nye Ålesund kommune)
  - Molde, Nesset og Midsund (Nye Molde kommune)
  - Fræna og Eide (namn ikkje bestemt)
  - Halså og (Hemne og 1/3 av Snillfjord i Sør-Trøndelag) (namn ikkje bestemt)
  - Norddal og Stordal (namn ikkje bestemt)
  
- **Kommunar som er ufrivillig åleine etter vedtak** (4 kommunar):
  - Kristiansund, Vanylven, Surnadal og Sande ( – men Sande er i prosess)
  
- **Kommune som Stortinget vil vedta å slå saman med tvang:** (1 kommune)
  - Haram kommune saman med Nye Ålesund kommune (*stipla line på kartet*)



- **Kommunar som fortsatt er i prosess (2 kommunar):**
  - Herøy og Sande (endelege vedtak mars 2017) (*stipla line på kartet*)

## Kommunekartet slik det kan bli 1. jan. 2020 - pr. 1. mars 2017



## 2. Inndelingslova

Kommunesamanslåingar involverer fleire lover, men [inndelingslova](#) er heilt klart veldig sentral. Inndelingslova gjeld for alle typar inndelings saker som samanslåing, deling, grensejustering og grensefastsetjing.



Stortinget vedtok 13. juni 2016 forslag til endringar i inndelingslova og kommunelova. Vedtaket bygger på forslaget i Prop. 76 L (2015–2016) til endringar i inndelingsloven og kommuneloven (behandling av kommunesamanslåingar mv.) som blei fremma av Kommunal- og moderniseringsdepartementet(KMD) 18. mars 2016. Vedtaket til lovendringar blei sanksjonert av Kongen i statsråd 17. juni 2016, og det blei samtidig vedteke at endringane skulle tre i kraft frå 1. juli 2016.

### 3. Felles kommunestyremøte

Når det er gjort nasjonalt vedtak om samanslåing skal Fylkesmannen snarast mogleg kalle saman til eit felles møte med dei aktuelle kommunestyra jf. § 25 i Inndelingslova.

*På slike felles kommunestyremøte skal følgjande saker drøftast:*

- forslag til namn på den nye kommunen
- talet på medlemmer i det nye kommunestyret
- kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i inndelingslova
- val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga

Drøftinga i eit slikt felles kommunestyremøte må følgjast opp med vedtak i dei einskilde kommunestyra. I tillegg til sakene som er nemnd i § 25 i inndelingslova bør kommunane i eit slikt felles møte drøfte og bli einige om saker som det er nødvendig å gjere unntak frå i lovverket for å gjennomføre samanslåing, jf. § 17 i inndelingslova.

### 4. Fellesnemnd

Fellesnemnda skal opprettast for å samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga, jf. § 26 i inndelingslova. Etter nasjonalt vedtak i juni 2017 om samanslåing må fullmakter/reglement for fellesnemnda vedtakast i kvar einskild kommune. Etter dette kan fellesnemnda starte sitt arbeid.

Dei fleste nye kommunane i fylket har allereie valt ei «interimfellesnemnd». Denne nemnda kan utføre oppgåver for den nye kommunen på vegne av kommunestyra sine, men vedtak må fattast i dei einskilde kommunestyra.

KMD varslar at dei vil redigere rettleiar: [Formelle rammer i bygging av nye kommuner](#); kap. 4, 2. avsnitt, siste setning: «Fellesnemnda kan imidlertid ikke gjøre vedtak som binder den nye kommunen før sammenslåingen er vedtatt ved kongelig resolusjon».

*Ved samanslåing av fylka i Sør- og Nord-Trøndelag vart praksis at fellesnemnda kunne gjere vedtak på vegne av dei to fylka- etter Stortingsvedtaket om samanslåing - og før kongeleg resolusjon.*



*I informasjon frå KMD til fylkesmannen blir det opplyst at slik praksis også vil gjelde for kommunesamanslåingar etter det nasjonale Stortingsvedtaket. Det vil seie at fellesnemnda kan gjere vedtak på vegne av kommunane som inngår i samanslåinga etter Stortingsvedtaket i juni. Den nye kommunen får ikkje namn og kommunenummer før det er gjort vedtak i kongeleg resolusjon.*

Fylkesmannen vil kome med nytt INFOskriv når vi har fått nærare informasjon frå KMD om endringa i rettleiaren.

## 5. Fullmakt til å gjere unntak frå kravet til felles kommunestyremøte

Departementet kan gi unntak frå kravet om felles kommunestyremøte når det er gjort vedtak om samanslåing. Dette gjeld tilfelle der kommunestyra allereie har gjort alle nødvendige vedtak , jf. § 25 i inndelingslova.

Fylkesmannen har saman med dei aktuelle partane allereie gjennomført markering av dei nye kommunane. I tillegg har det vore tett kontakt mellom Fylkesmannen og dei nye kommunane gjennom heile prosessen, der Fylkesmannen blir godt informert.

Fylkesmannen vil få delegert kompetanse frå KMD til å vurdere om det er nødvendig å kalle inn til felles kommunestyremøte. ***Fylkesmannen vil framover ha dialog med dei einskilde kommunesamanslutningane for å vurdere om innkalling til felles kommunestyremøte blir nødvendig. Slik Fylkesmannen ser prosessane i dei nye kommunane pr. dags dato vil det truleg bli semje med kommunane om ikkje å gjennomføre eit slikt møte.***

## 6. Kommunenamn

I rundskriv til lov av 15. juni 2001 nr. 70 står det i kap. 5.2 , særleg om kommunenamn nest siste avsnitt: «*Departementet legg til grunn at ved framtidige kommunesamanslåingar skal nye kommunenamn være unike. Det vil seie at namnet ikkje må være nytta av ein annan kommune eller eit fylke. Dersom til dømes ein eller fleire kommunar som blir slått saman, har eit namn som blir nytta av ein annan kommune eller eit fylke, kan den samanslåtte kommunen ikkje nytte dette namnet.*»

I felles drøftingar og/eller felles kommunestyremøte er det naturleg å drøfte namneforslag til den nye kommunen. Forslag til namneval blir vedteke i dei einskilde kommunestyra i samband med at det blir gjeve mynde og fullmakter til fellesnemnda. Kommunane kan be [Språkrådet](#) om råd og rettleiing i namneprosessen.

KMD sender forslaget til namn på den nye kommunen til Språkrådet som kjem med ein uttale før namnet blir fastsett i kongelig resolusjon hausten 2017. Viser til [rettleiar](#); *Formelle rammer i bygging av nye kommunar kap. 3.*

## 7. Kommunevåpen og kommuneflagg

Kommunevåpen og kommuneflagg treng ikkje vere ferdig utarbeidd til vedtak om ny kommune i kongeleg resolusjon skal gjerast.

KMD sende ut eit [høyringsbrev](#) datert 14. des. 2016 med svarfrist 15. mars 2017 om å forenkle regelverket for kommunevåpen og kommuneflagg.



I høyringsnotatet foreslår KMD at kompetansen til å fastsette kommunevåpen og kommuneflagg blir lagt til det enkelte kommunestyret. KMD foreslår at reglar om fastsetting av kommunevåpen skal inngå i kommunelova. Det er også forslag om å oppheve lov om å flagge på kommunen sine offentlege bygningar. Dette inneber at det ikkje lenger vil være noko krav om godkjenning av Kongen for å kunne nytte kommunevåpenet i eit kommuneflagg.

## 8. Vidare plan og tiltak for dei nye kommunane

### Milepælsplan

Det ligg vedlagt forslag til ei milepælsplan der ulike tema og fristar er lagt inn – og som Fylkesmannen er delaktig i på ulike vis. Milepælsplanen er eit forsøk på å sette i system hovudlinene for prosessar og fristar- som deretter kan leggast inn i kommunane sine eigne planar.

Milepælsplanen blir redigert etter kvart som nye hendingar og datoar blir bestemt nasjonalt eller lokalt.

*Kommunane står framfor følgande viktige oppgåver:*

- Dersom det blir gjort unntak frå felles kommunestyremøte, jf. ovanfor – er det nødvendig for kommunane å ha **felles drøftingar** etter § 25 i inndelingslova - som førebuing til kommunestyrevedtak
- Alle kommunane som er del i ei samanslåing skal fatte **vedtak i kommunestyra sine** etter Stortingsvedtaket- der det blir fatta vedtak ut i frå punkta som blei drøfta i felles kommunestyremøte eller frå felles drøftingar, jf. ovanfor.
- **Kommunestyrevedtaka skal sendast til Fylkesmannen.** Fylkesmannen vil snarast sende vedtaka vidare til KMD. Ut i frå den informasjonen KMD får gjennom kommunestyrevedtaka vil dei førebu sak til vedtak i kongelig resolusjon. *Kommunen får etter kongeleg resolusjon sitt offisielle namn og kommunenummer.*
- Dersom Fylkesmannen skal kalle inn til felles kommunestyremøte, må **dato for eit slikt møte fastsetjast** helst før dato for dei siste kommunestyremøta før ferien.
- Fylkesmannen og kommunane har **dialog** om korleis kommunane ønsker å løyse oppgåvene framover.

### Nettverk

KS og Fylkesmannen har inngått eit samarbeid med å samordne tilboda sine til dei nye kommunane i fylket, inklusiv Hornindal kommune i Sogn og Fjordane. Første nettverkssamling for fellesnemndene og for prosjektleiarane blir gjennomført no i mars. Tilboda blir tilpassa etter kva slags behov kommunane har framover for kompetanseheving og erfaringsoverføring.